



**ALVER**  
KOMMUNE

# **Ordensreglement for dei offentlege grunnskulane i Alver kommune**





Alver kommune skal gje forskrift om ordensreglement for den offentlege grunnskule i Alver jfr. Opplæringslova § 9 A-10.

Kvar skule skal ha egne lokale ordensreglar tilpassa lokale forhold. Skulane skal leggje inn sine lokale ordensreglar i denne forskrifta. Det er ikkje høve til å ha forbod eller sanksjonar som ikkje er forankra i den felles forskrifta.

Alver kommune har i si utforming av forskrift for ordensreglar lagt stor vekt på forskrift til opplæringslova §3-4:

«Formålet med vurdering i orden og atferd er, i tillegg til å gi informasjon om elevens orden og atferd på skolen, å fremje sosial læring og bidra til et trygt og godt skolemiljø.»

Vi ber alle gjere seg kjend med innhaldet og ha eit systematisk arbeid kring dei lokale reglane.

Lukke til med arbeidet.

Kristin Moe

Kommunalsjef oppvekst

Jan Ove Johansen

Tenesteleiar skule



## **FORSKRIFT OM ORDENSREGLEMENT FOR GRUNNSKULANE I ALVER KOMMUNE**

Kommunal forskrift om ordensreglement for dei offentlege grunnskulane i Alver kommune er vedtatt i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 31.08.21.

### **I Innleiing**

#### **§ 1 Heimel**

Med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 9A-10, blir forskrift om felles ordensreglement for skulane i Alver gjort gjeldande frå 31.08.21.

#### **§ 2 Målsetjing**

Skulane i Alver skal fremje samarbeid, trivsel, respekt og medansvar. Skulane i Alver skal gje elevane gode vilkår for læring og personleg utvikling. Skulen skal vere ein stad der alle trivst og får høve til å prestere og bidra, jmf. Barnekonvesjonen Artikkel 29:

- a) å utvikle barnets personlighet, talenter og psykiske og fysiske evner så langt det er mulig,*
- b) å utvikle respekt for menneskerettighetene og de grunnleggende friheter og for prinsippene nedfelt i De forente nasjoners pakt,*
- c) å utvikle respekt for barnets foreldre, dets egen kulturelle identitet, språk og verdier, for de nasjonale verdier i det land barnet bor, landet hvor han eller hun eventuelt kommer fra og for kulturer som er forskjellige fra barnets egen kultur,*
- d) å forberede barnet til et ansvarlig liv i et fritt samfunn i en ånd av forståelse, fred, toleranse, likestilling mellom kjønnene og vennskap mellom alle folkeslag, etniske, nasjonale og religiøse grupper og personer som tilhører urbefolkningen,*
- e) å fremme respekten for det naturlige miljø.*



### § 3 Verkeområde

Ordensreglementet gjeld alle offentlege grunnskular og kan ikkje fråvikast. Reglementet for orden og åtfærd skildrar kva tiltak som kan nyttast ved brot på reglane og korleis sakshandsaminga skal gå føre seg.

I tillegg til dette kommunale ordensreglementet skal den einskilde skule lage eit eige særreglement tilpassa dei lokale forholda. Lokale ordensreglar må vere innanfor ramma av heimelen til det kommunale reglementet jfr. oppl § 9A-10. Rektor fastset lokalt ordensreglement etter høyring i dei ulike organa til skulen, som vedlegg til dette dokumentet.

Ordensreglementet må sjåast i samanheng med Alver kommune si felles retningsline for skulemiljø, med tilhørande rutinar og prosedyrar for å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø jfr. kapittel 9A i opplæringslova.

Ordensreglementet gjeld for elevane i skuletida, på områda kring skulen, på skuleturar/ekskursjonar i regi av skulen og på skulevegen/skuleskyss så langt den einskilde skule blir gjort kjend med situasjonen. Ordensreglane gjeld og det som skjer i det digitale rommet.

Skulen pliktar å informere tilsette, elevar og føresette om dette ordensreglementet.

#### §3.1 Eleven sine pliktar og rettar

Alver kommune viser til oppl § 2-1 om rett og plikt til opplæring:

*"Barn og unge har plikt til grunnskoleopplæring, og rett til ei offentleg grunnskoleopplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter. Plikta kan ivaretakast gjennom offentleg grunnskoleopplæring eller gjennom anna, tilsvarande opplæring."*



## **II Reglar og konsekvensar**

Skulane i Alver skal gje elevane dei beste tilhøva for læring og utvikling. Elevane skal få hjelp og støtte til ei sosial og emosjonell utvikling. Alle har eit ansvar til å bidra til å skape eit trygt og godt skulemiljø for både elevar og tilsette. Det er forventa at ein følgjer vanlege reglar for korleis ein oppfører seg. Skulen skal ta omsyn til elevane sine føresetnader.

### **§ 4 Reglar for orden**

Elevane i Alver skal:

- møte presis til timar og avtalar
- møte førebudd til opplæringa
- gjere skulearbeidet, så godt eg kan, og til avtalt tid
- ha med naudsynt utstyr
- halde orden med skulesaker/utstyr

### **§ 5 Reglar for åtfærd**

Elevane i Alver skal:

- vere til stades i undervisningstimane
- halde arbeidsro i timane
- vise omsyn og respekt for medelevar, tilsette og andre som dei møter i skulekvardagen
- rette seg etter melding frå tilsette
- ta vare på alt som tilhøyrrer skulen, og følgje reglane i skulen for bruk av hjelpemiddel og anna spesialutstyr
- vise digital danning og nettvett og følgje reglane i skulen for bruk av mobiltelefonar og digitalt utstyr

I skulane i Alver aksepterer ein ikkje at nokon:

- utset elevar eller vaksne i skulemiljøet for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, psykisk eller fysisk vald, rasisme, trakassering eller utestenging på skulen, skulevegen eller i det digitale rommet.
- fuskar i skulearbeidet
- tar med, eller nyttar gjenstandar som kan skade personar, bygning eller inventar på skuleområdet
- forlèt skuleområdet utan løyve
- gjer bruk av, eller har med seg tobakk, snus eller e-sigarett i skuletida
- har med, nyttar eller er påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmiddel i



skuletida  
- har på seg plagg som heilt eller delvis dekker ansiktet

## **§ 6 Rusmidlar**

Bruk av eller det å ta med tobakk, snus, e-sigarettar, alkohol, narkotika eller andre rusmidlar er ikkje tillate i skuletida.

Skulen skal beslagleggja rusmidla. Tobakk, snus, e-sigarettar og alkohol blir levert til føresette, ulovlege rusmiddel til politiet.

## **§ 7 Bruk av plagg som dekkjer ansiktet**

Plagg som dekkjer heile ansiktet er ikkje tillate for elevar eller lærarar i undervisningssituasjonar. Til dømes nikab, burka og finlandshette.

## **§ 8 Fråvær**

Elevane har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Ved sjukdom skal skulen ha beskjed så raskt som mogleg, seinast innan ein -1- dag.

Ugyldig fråvær som har gjentatt seg skal leggjast vekt på når orden- eller åtferdskarakter blir fastsett. Hovudgrunnlaget skal vere orden og åtferd siste halvåret.

Eleven sine føresette skal varslast ved gjentakande forseintkoming og ugyldig fråvær, for å få klarlagt årsaker til fråværet.

Når det er forsvarleg, kan skulen etter søknad gje den enkelte eleven permisjon i inntil to veker (opplæringslova § 2-11). Det blir vist til retningslinene til Alver kommune for permisjonar frå opplæringa.

## **§ 9 Konsekvensar ved brot på reglementet**

Alle konsekvensar ved brot på ordensreglementet skal vere av ein slik art at eleven forstår kva reglar som er brotne, og kvifor skulen må reagere på dette. Eleven skal høyrast før sanksjonar vert sett i verk, *jfr. artikkel 12 i barnekonvensjonen*:

*«Artikkel 12 gir barn en rett til å uttale seg om alle forhold som berører dem. I saksbehandlingen skal vi undersøke hva som er barnets syn, og vi skal tillegge*



*barnets synspunkter behørig vekt i samsvar med alder og modenhet. Barnet må ikke nødvendigvis ha meninger om løsningen av en sak for å uttale seg. Det er tilstrekkelig at barnet mener noe om enkelte sider av en sak.» ( UDIR Veiledning til bruk av barnekonvensjonen i saksbehandlingen 2017).*

Eleven skal, viss det er mogleg, og etter dialog med elev og føresette, få høve til å gjere opp for seg.

Skulane i Alver vil gjere bruk av følgjande sanksjonar ved brot på reglementet:

- a) munnleg tilbakemelding til elev
- b) munnleg kontakt med føresette
- c) skriftleg melding til føresette
- d) Høve til, ved t.d. oppgåve, å rette opp skade som er påført eigedom eller eigedelane til skulen (rydde søppel, vaska golv, fjerne tagging og liknande)
- e) vere til stade på skulen før eller etter skuletid i samband med samtalar eller for å utføre avtalte oppgåver
- f) setje ned karakter i orden og/eller åtferd etter fleire regelbrot dersom føresette på førehand er varsla, eller ved særleg grove einskilde hendingar, jfr. forskrift til oppl § 3-4, §3-6, § 3-7 og §3-8.
- g) bortvising frå undervisninga i barneskule for einskilde timar (inntil to timar) eller bortvising for resten av dagen (opplæringslova § 9A-11)
- h) bortvising frå undervisninga i ungdomsskule inntil tre dagar, (opl. lova § 9A-11)
- i) innskrenke tilgjengeleg areal for ein kortare periode
- j) byte klasse mellombels eller permanent
- k) i heilt spesielle tilfelle kan kommunen vedta eit mellombels eller permanent byte av skule (opplæringslova § 9A-12)

Før sanksjonar vert gjennomført, skal det vere dialog med eleven og føresette. Skulen skal vere særleg merksam på å hente inn eleven si stemme knytt til bruk av sanksjonane d, e og g- j, presentert i § 9 Konsekvensar ved brot på reglementet.

Sanksjonar kan berre nyttast i høve til den eller dei elevane som har gjort seg skuldig i brot på ordensreglementet. Kollektiv straff eller sanksjon er ikkje tillate. Det er ikkje tillatte med sanksjonar som har preg av fysisk refsing eller anna krenkjande handling. Til dømes vil det å hengje ut eller gjere elevar til latter vere ulovleg.

## **§ 10 Framgangsmåte ved vedtak om tiltak og sanksjonar**

Eleven har rett til å uttale seg til den som skal fatte vedtak før det blir vedtatt sanksjonar eller vedtak som skildra i § 9.

Ved alvorlege eller fleire brot på reglementet (jfr. § 4 og 5) der det er aktuelt med sanksjonar som etter § 9 punkt, i - j, skal det fattast vedtak etter forvaltningslova § 2. Eleven sjølv, og eleven sine føresette skal varslast og ha rett til å uttale seg før vedtak blir fatta.



I samsvar med forvaltningslova § 28 er det klagerett på vedtaket.

Ein eventuell klage skal stilast til skulen som har fatta enkeltvedtaket. Dersom skulen ikkje gir klagar medhald, blir klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland, som er endeleg klageinstans.

Skulen kan ikkje gjere bruk av andre sanksjonar enn dei som er omtalt i dette reglementet. Alle reaksjonar/konsekvensar må stå i forhold til grad av alvor av eit brot på ordensreglementet. Det må vere samsvar mellom grad av alvor i handlinga og reaksjon/konsekvens.

## **§ 11 Vurdering av orden og åtferd**

Vurdering i orden og åtferd blir gjort etter reglane om orden og åtferd i forskrift for ordensreglement Alver kommune, jfr. § 4 og 5. Eleven kan ikkje vurderast i orden og åtferd ut frå andre vurderingsgrunnlag enn dei skisserte punkta Reglar for åtferd og Reglar for orden.

Karakterane i orden og åtferd kan bli sett ned ved fleire brot på ein eller fleire reglar. Karakterane kan òg setjast ned ved einskilde hendingar dersom det er eit spesielt grovt brot på reglementet (jf. forskrift til opplæringslova § 3-4).

I vurderinga av orden og åtferd skal det ta blir tatt omsyn til føresetnadene til eleven (jf. forskrift til opplæringslova § 3-4).

## **§ 12 Bortvising**

Bortvising er den mest alvorlege sanksjonen for grunnskulen. Ein slik sanksjon kan berre bli brukt i dei mest alvorlege tilfella, eller ved gjentatte brot på ordensreglementet.

Elevar som fleire gongar kjem for seint eller forstyrrar undervisninga, kan i konkrete situasjonar og ut i frå ei total vurdering av både eleven og situasjonen, blir vist bort frå klassen/gruppa for resten av timen, jfr. § 6 i reglementet.

Elevar som truar med vald eller utøvar vald kan visast bort frå undervisninga eller skulen. Lengda for bortvising, vil vere avhengig av alderen til eleven, jfr. opplæringslova § 9A-11, og dessutan Alvoret i situasjonen.

Elevar på 1. – 7. trinn kan visast bort frå undervisninga for einskilde timar (inntil to timar) eller for resten av skuledagen. Det blir kravd tilsyn av eleven. Bortvising inntil to timar kan delegerast lærar, og krev ikkje enkeltvedtak etter forvaltningslova.



Bortvising resten av dagen, eller bortvising inntil tre dagar (berre for 8. – 10. trinn) krev enkeltvedtak *fatta av rektor* etter dialog med lærar.

Før det blir teke avgjerd om tiltak, har elven rett til å forklare seg munnleg til den som skal ta avgjerda.

Føresette til elevar på 1. – 7. trinn skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.

*Før vedtak om bortvising, skal skulen ha vurdert andre tiltak.*

### **§ 13 Beslag av gjenstander**

Det er ikkje tillate med gjenstander som kan nyttast til å skade andre på skulen, dersom ikkje gjenstanden berre skal nyttast til andre lovlege formål. Skulen kan ta beslag i slike gjenstander.

Ulovlege gjenstander blir overlevert politiet. Ved slike høve skal føresette informerast.

Andre beslaglagde gjenstander, blir levert til eleven etter skuletid same dag, eller må bli henta av føresette.

### **§ 14 Skade/hærverk**

Ved skade eller hærverk på bygningar og egedelane til skulen kan eleven i tillegg til å bli ilagt sanksjonar etter dette reglementet, også bli erstatningsansvarleg (jf. skadeerstatningslova § 1-1)

Føresette kan bli erstatningsansvarlige etter reglane i skadeerstatningslova § 1-2.

Eleven kan få høve til å utbetre skadane sjølv dersom dette blir sett på som teneleg, etter dialog mellom partane.

### **§ 16 Straffbare forhold**

Skulen melder straffbare forhold til politiet.

Eleven sine føresette skal så raskt som mogleg blir varsla munnleg, dersom politiet blir kontakta i ei sak.

Føresette skal også bli varsla skriftleg, om det er søkt om bistand frå politiet.



### **III Skulen sine lokale ordensreglar**

#### **§ 17 Skulen sine lokale ordensreglar**

Dei lokale reglane skal arbeidast ut etter høyring i dei ulike rådsorgana i skulen og skal innan 01.06. til årleg handsaming i rådsorgana. Rektor skal og gjere kjend ordensreglane for elever og føresette ved oppstart av nytt skuleår.

Kopi av forskrift av ordensreglement, med lokale ordensreglar, skal sendast til Tenesteleiar for skule kvart skuleår. Frist er sett til 15.09.



## **Vedlegg til kommunalt ordensreglement**

### **Lokale ordensreglar for Sagstad skule, handsama i SU 24.02.21 og revidert 07.06.2022**

Sagstad skule starta arbeidet med nye ordensreglar hausten 2020. Dei som gjaldt var frå 2012. Prosessen starta i elevrådet. Ein og ein ordensregel blei gjennomgått. Vi såg på kva reglar vi hadde som var viktige å ha md vidare. desse. Nokre reglar blei ganske lik dei opprinnelege, medan andre blei omformulert. Nokre reglar er nye. Det gjeld reglar for farlge og ulovlege gjenstandar og reglar for rusmiddel.

Etter at elevrådet hadde kome opp med eit forslag til nye ordensreglar, blei dette tatt med til klassane på mellomtrinnet for innspel. Desse innspela låg til grunn då forslaget blei sendt til høyring til heile personalet. Til slutt blei alle innspela gått igjennom av leiinga og vi landa på det som blei presentert for SU 24.02.21.



## ORDENSREGLAR SAGSTAD SKULE

Vedtatt i SU 07.06.22

Ordensreglane gjeld for elevane i skuletida, på områda rundt skulen, på skuleturar/ekskursjonar i regien til skulen og på skuleveg/skuleskyss så langt den enkelte skulen blir gjord kjent med ureglementerte forhold. Ordensreglane gjeld og det som skjer i det digitale rommet.

1. Eg er høfleg og viser omsyn og respekt for andre og deira eigedelar.
2. Eg arbeidar for eit trygt og godt lærings- og skulemiljø. Eg plagar ikkje andre!
3. Eg kjem presis til timane og deltar i undervisninga gjennom heile skuledagen. Eg er førebudd og har med meg det eg skal av utstyr og læremiddel. Eg gjer skulearbeidet til avtalt tid.
4. Eg bidreg til arbeidsro i klasserommet.
5. Eg tar vare på alt som tilhøyrer skulen og steller fint med skulebøker og anna undervisningsmateriell. Eg gjer mitt for å halde skulen sitt område reint og ryddig.
6. Eg nyttar gang- og sykkelveg til og frå skulen der det er mogleg. Eg nyttar hjelm! Eg parkerer sykkel/sparkesykkel/ rullebrett på tilvist plass og lar den stå i ro i heile skuletida. Eg nyttar hjelm og tryggleiksutstyr om eg nyttar sykkel på sykkelbana eller i Fysakhallen.
7. Eg triller sykkel og elsparkesykkel over skuleplassen og parkerer den på anvist plass. Eg nyttar ikkje elsparkesykkel til og frå skulen før eg har fylt 12 år. Eg nyttar ikkje elsparkesykkel på turar i regi av skulen.
8. Eg er inne på skulen sitt uteområde i alle friminutt. Fossemyra nyttast etter avtale.
9. Eg har ikkje med meg elektronisk utstyr på skulen. Mobiltelefonen eller smartklokka ligg avslått i sekken.
10. Eg et sunn skulemat og tek til vanleg ikkje med meg snop eller tyggegummi på skulen.
11. Eg brukar ikkje tobakk, snus eller e-sigarettar. Eg har ikkje med eller er påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmiddel.
12. Eg har ikkje med farlege leikar eller ulovlege gjenstandar som kan skade personar, bygning eller inventar på skulen sitt område.
13. Eg kastar ikkje snø på andre. Snøball kastar eg på oppsett blink. Dersom nokon har bygga snømann eller snøborg, øydelegg eg ikkje.



Ved brot på reglane kan eit eller fleire av tiltaka nedanfor setjast i verk avhengig av alvorsgrad og grad av gjentaking:

- Tilsnakk.
- Skriftleg merknad. Merknaden skrivast i Visma.
- Samtale med den vaksne som handsamar saka.
- Skulen tek kontakt med føresette.
- Samtale med inspektør/rektor.
- Pålegg om å vere til stades før eller etter skuletid for samtale med kontaktlærar og/eller rektor/inspektør, eller for utføring av pålagde oppgåver.
- Avgrensing av elevens rørslefridom i friminutt og/eller påbod om å vere i nærleiken av ein namngjeven elev/filsett, eller om å halde seg på eit avgrensa område inne eller ute.
- Bortvising frå undervisninga for enkelttimar eller resten av dagen, jf. Opplæringslova §9a-11 første ledd.
- Midlertidig eller permanent klassebyte.
- I særlege tilfelle kan ein elev flyttast til ein annan skule når omsynet til dei andre elevane tilseier det, og andre tiltak allereie er prøvd, jf opplæringslova § 9a-12 første ledd.
- Pålegg om å rette opp skaden eleven har påført skulens eigedom eller eigedelar – for eksempel rydde boss, vaske golv eller veggjar, fjerna tagging osv.
- Den som øydelegg utstyret til skulen eller elevar med vilje eller på grunn av ulovleg leik, må betale det det kostar å utbetre skaden, jf. Skadeerstatningsloven §1.1 og §1.2.
- Gjenstandar som kan nyttast til å skade andre, blir beslaglagt av skulen. Ulovlege gjenstandar overlatast til politiet. Andre beslaglagte gjenstandar blir overlevert til eleven etter skuletid same dag. Dette gjeld og mobiltelefon og smartklokke.
- Rusmidlar blir beslaglagt av skulen. Tobakk, snus, e-sigarettar og alkohol overlatast til føresette. Ulovlege rusmidlar overlatast til politiet.



## Vedlegg 1:

Skulane skal i arbeidet med sitt eige lokale ordensreglement einast om sentrale reglar for orden og åtferd. Elevar, foreldre/føresette, tilsette og skuleleiar/-ar må ta del i utforming av lokalt reglement. Reglane bør formulerast positivt og vise til ønskja åtferd. Det er viktig at reglane er konkrete og spesifikke. Det må ikkje vere tvil om kva som vert forventa av eleven. Moglege konsekvensar skal vere tydelege slik at det er avklart kva sanksjonar som kan nyttast ved regelbrot. Skulane må ha klare rutinar for oppfølging av regelbrot.

Reglar for god orden skal og minimum omhandla:

- Førebuing til opplæringa, oppmøte, deltaking i undervisning, arbeidsro , arbeidsvanar og arbeidsinnsats
- Orden på eigne og andre sine egedelar og verdisaker
- Korleis ta vare på skulen sine bygg, inventar, lærebøker, undervisningsmateriell og andre gjenstandar, unngå hærverk og unødig slitasje og forbruk
- Reglane kan også omtale bruk av ulovlege eller farlege gjenstandar på skulen

Reglar for god åtferd skal og minimum omhandla og ta omsyn til barnekonvensjonens Artikkel 28, andre ledd – *«Partene skal treffe alle egnede tiltak for å sikre at skolens disiplin utøves på en måte som er forenlig med barnets menneskeverd og i samsvar med denne konvensjon»*.

- Samhandling med kvarandre, språkbruk, respekt, omsyn, mobbing og plaging fysisk, psykisk eller verbalt plaging
- Bruk, oppbevaring og omsetjing av tobakk, snus, alkohol eller narkotika
- Bruk av mobiltelefon, smartklokke m.v
- Bruk av skulen sitt datautstyr, internett og e-post (nettveit-reglar, digital plaging og mobbing)
- § 14 i forskrifta -- Andre beslaglagde gjenstandar, blir overleverte til eleven seinast etter skuletid same dag

Ved bruk av følgjande sanksjonar vert det alltid kravd enkeltvedtak:

- Bortvising
- Skulebyte



Dersom ein elev eller føresett ber om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet, mellom anna tiltak mot krenkjande åtfærd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skulen snarast mogleg handsame saka etter reglane i opplæringslova § 9a og i samsvar med kommunal retningsline og prosedyre.

Dersom skulen innan rimeleg tid ikkje har gjort vedtak i saka, kan foreldre likevel sende saka til Statsforvalteren i Vestland etter oppl §9A.

Vedlegg 2 til forskrift om ordensreglar.

## **Avtale om utlån av PC/Chromebook/IKT utstyr til elevar på skulane i Alver**

**Gjeldane for \_\_\_\_\_ skule.**

1. Allereie etablert ordensreglement
  - a. Skulen sitt generelle ordensreglement gjeld også for denne låneavtalen
2. Administrasjon



a. PC/Chromebook/IKT utstyr kjem ferdig konfigurert og du kan ikkje installere eller avinstallere program

b. Kommunen avgjer kor stor kontroll skulen og du skal ha over oppsett på

PC/Chromebook/IKT utstyr

c. Skulen kan gjennomføre elektroniske overvåkingstiltak i undervisningstida og ved prøvar, tentamenar og eksamenar der datautstyr vert brukt som hjelpemiddel

d. Skulen kan når som helst be om å få tilbake PC/Chromebook/IKT utstyr av tekniske eller praktiske årsaker

e. På skulen skal PC/Chromebook/IKT utstyr vere kopla til kommunen sitt trådlause nett

3. Praktisk bruk

a. PC/Chromebook/IKT utstyr skal alltid vere med på skulen

b. Du må sørge for at PC/Chromebook/IKT utstyr har nok batteri til å vere i bruk gjennom heile skuledagen utan å måtte ladast undervegs

c. Beskyttelsesveska PC/Chromebook/IKT utstyr vert levert med skal alltid brukast ved transport

d. Drikkeflaske må oppbevarast separat frå pc-en

e. Tap og manglar skal straks meldast til skulen

f. Det er ikkje lov å laste ned ulovleg materiale frå Internett, som pornografisk, rasistisk eller anna materiale som vert ramma av norsk lov eller reglar for databruk

g. PC/Chromebook/IKT utstyr skal brukast til skulerelaterte aktivitetar og det er læraren som styrer når den er i bruk eller ikkje

4. Tap og skade av PC/Chromebook/IKT utstyr

a. Du og dine føresette har ansvar for PC/Chromebook/IKT utstyr så lenge du er elev ved skulen og har lånt det med til heimen. Den er ditt arbeidsverktøy, og dersom den vert øydelagd eller blir borte på grunn av hærverk eller uvøren bruk har de erstatningsansvar for maskin og tilbehør.

Elev føresette må skrive under på denne avtalen og returnere den til skulen, før eleven får utdelt sin PC/Chromebook/IKT utstyr.

Dato: \_\_\_\_\_

Underskrift føresette: \_\_\_\_\_

Underskrift elev: \_\_\_\_\_